

Notat

Går til:
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 25.03.2011
Frå: **Admininstrerende direktør**
Sakshandsamar: **Ingvill Skogseth**
Saka gjeld: **Årstal frå Norsk pasientskadeerstatning 2010**

Styresak 042/11 O

Administrerende direktør si orientering pkt 1

Styremøte 13.04. 2011

Norsk pasientskadeerstatning (NPE) har publisert årstal for 2010 over erstatningskrav knytt til pasientskader.

Alle dei overordna tala for 2010 er tilgjengeleg op www.npe.no

Tala frå helse vest er lagt Ved dette notatet.

Det blir her gitt ei kort orientering om hovudinnhaldet i meldinga.

Mottatte saker

Talet på saker til NPE auker fortsatt. I 2010 kom det inn 4352 nye saker, mot 3938 i 2009. Dette utgjør ei auke på ti prosent. Auka er relativt jamt fordelt på RHF-a. Sakene fordeler seg som følgjer på regionalt nivå i 2010:

Helse Vest	571
Helse Nord	422
Helse Midt	442
Helse Sør-Øst	1576

I Helse Vest fordeler sakene seg med: 217 saker i Helse Bergen, 105 i Helse Fonna, 61 i Helse Førde og 167 i Helse Stavanger.

Meir enn 1300 skadelidne pasientar og/eller pårørande blei tilkjent erstatning gjennom NPE i 2010.

NPE meiner auka i talet på saker skuldast at ordninga er godt kjent og at pasientar i større grad veit at dei kan melde erstatningskrav.

Utbetalingar

Auka utbetalingar skuldast hovudsakleg effektivisering i NPE som inneber at fleire saker er behandla.

Den største auka i utbetalingar gjeld saker knytt til primærhelsetenesta.

Utbetalingar for skader i Helse Vest er 96 559 082 kroner for 2010 som ligg godt under 2009 då det blei utbetalt 146 670 510 kroner. Hovudårsaka til det spesielt høge beløpet i 2009 var at fleire eldre og store erstatningssaker i samband med fødsel kom til utbetaling i 2009.

Utbetalingar ved det enkelte helseføretak kan variere mykje på grunn av tilfeldige variasjonar.

Rapportane frå Norsk pasientskadeerstatning er eit bidrag til helseføretaka sitt eige arbeid med skadeførebygging og pasientsikkerheit.

Vedlegg:

Norsk pasientskadeerstatning – Tal frå Helse Vest